



Fredag 26. mai

Opning av Vårsøghelga 2017

18.00 Foajeen Surnadal Kulturhus

Opning av salsutstilling av Odd Ingar Skrøvseth i samarbeid med Surnadal kunstforening. Kunstnarleg innslag med Perikom Trio; Karstein Mauset, Jo Ranheim og Ronny Kjøsen. Kaffe og blautkake. Fri inngong.

Orgelbrus, Blues og The Brørs

20.30 Surnadal Billag AS. Vaksen kr. 280, student kr. 180

Dørene opnar kl. 19.30

Trøbass&Jazz

Ein nådelaust hardtswingande jazz-symbiose, utvikla og presentert av trommeslager Oddbjørn Sponås og organist/pianist Vegard Bjerkan. Gjennom eit leikande og lyttande samspel tek duoen for seg eit materiale beståande både av eigenskrivne låtar og nye tolkingar av songar frå gospel-tradisjonen. Oddbjørn og Vegard er begge avgangsstudentar ved Jazzlinja på NTNU, og spelar til dagleg saman i fleire ulike jazz-konstellasjoner. Med TRØBASS&JAZZ er tida komen for å utforske det nokså uvanlege duo-formatet med trommer og hammond-orgel! Inspirasjon hentar dei frå gamle heltar som Milt Buckner og Joe Jones.

The Brørs

For mange er surndalingen Sigurd Brørs sikkert best kjent som langrennsløpar, med gode internasjonale resultat første halvdel av 90-talet. Men etter at han bytta ut Atomic med Gibson i 1996, har han heller utnytta kondisen sin til å lage popmusikk. Musikken har Sigurd døypt powerpointpop – ein sjanger som inneholder både guitarrock og progressiv powerpop. Han syng på både engelsk og Surndalsdialekt.

#FakeBlewss

30 år etter at bluesrockbandet The Pimps gjorde suksess i heimbygda, blir arven ført vidare med vokalisten sin son Øystein, som no syng i #FakeBlewss. Ikkje det at bandet driv med jukseblues, men sjølv om ein av medlemmane kan skilta med eit US passport må dei nok seiast å ha bakgrunnen sin langt frå bluesen sitt heimland. Til trass for det, når hatten og solbrillene er på plass vil ikkje dette vere langt unna ekte vare. Vokal: Øystein Hjelle Bondhus/Lisa Botterli Flostrand. Trommer: Olav Nergård Tørset.

Laurdag 27. mai

Torg

10.00 Surnadal Kulturhus

Gammaldags torg med lokal mat og handverk.

Boksøg

11.30 Svorkasalen i Surnadal Kulturhus. Alle kr. 180

Kjartan Fløgstad har skrive alle slags bøker og vunne alle slags prisar, men aldri vore på Vårsøghelga. I årets Boksøg møter han Svein Sæter til samtale om eit forfatterskap som siktat høgt og lågt, smalt og breitt. Fløgstad er ein viktig forfattar også internasjonalt, ein «fabulerande realist» som hører heime her i Vårsøglandet.

Lengting, liv og song

13.00 Surnadal Kulturhus

Vaksen kr. 280, Honnør/student/born kr. 180

Songaren Tone Elisabeth Braaten, munnspelaren og komponisten Sigmund Groven, songaren og gitaristen Lars Klevstrand og pianisten Ivar Anton Waagaard utgjer eit mangfoldig firklover i norsk musikkliv. Konserten er full av eviggrøne norske songar, viser og instrumentalstykker som vil treffe mange heime! Songkoret Tordenskjold med dirigent Elin Persson opnar konserten.

Drivadebatt

Nordmøre slår sprekker?

15.00-16:30 Drivadebatt, Svorkasalen, Surnadal Kulturhus

Fri inngong. Spørsmålet om framtidig regiontilknytnad for nordmørskommunane er temaet for årets Drivadebatt under Vårsøghelga. I panelet: Fylkesordførar Jon Aasen (Ap), Halsavordførar Ola Rognskog, Pipelife-sjef Kjell Larsen og skuleleiv Lilly Viktoria Mo Sandberg. Ein politikar frå Sør-Trøndelag fylkeskommune skal vere med i panelet.

Henning Sommerro opnar debatten. Det ligg an til ein frisk debatt som skal leiast av Svein Sæter. Alle er velkomne! Kaffe og bakels/kaffebrød å få kjøpt.

Kleivakveld

19.00 Kleiva, Surnadal. Vaksen kr. 280, Honnør/student/born kr. 180, Familie inntil 2 vaksen og 2 born kr. 600

Med Ole Paus, Henning Sommerro, John Pål Inderberg,

Marjan Vahdat, Kjartan Fløgstad, Surnadal hornmusikk, Dansekompaniet frå Kulturskolen på indre Nordmøre, diktmønstring og Kleivapris. Kaffe og bakels/kaffebrød å få kjøpt.

Pubkveld

21.00 Thon Vårsøg hotell. Dørene opnar kl. 20.00.

Vaksen kr. 200, student og med kleivakveldbillett kr. 100

Uhøgtideleg pubkveld med russisk underhaldning av søskendeparet Natalia Eliseeva og Sergey Eliseev (og tru det eller ei, Henning Sommerro!). Søskendeparet Sergey og Natalia vil fremføre russiske folke- og populære sanger som Kalinka og Katjusha. Hotellets eigen Borsjtj (russisk suppe) og russisk drikke å få kjøpt.

Søndag 28. mai

Strengekor

13.00 Stangvik kyrkje, Stangvik

Vaksen kr. 280, honnør/student/born kr. 100

Cantus og Juniorsolistene møtast til dyst i Stangvik kyrkje. Gjest: Henning Sommerro. Juniorsolistene under musikalsk leiing av Sigmund Tveite Vik og Cantus med dirigent Tove Ramlo Ystad. Solist Ivan Penjin på klaver. Musikk av Joseph Haydn, Wolfgang A. Mozart, og Henning Sommerro med fleire.

Ravi

16.00 Auststuå i Moen, Øvre Surnadal. Fri inngong

Surnadal sparebank fyller 175-år i år og i det høve inviterer banken saman med laget Vårsøg til familiekonsert med Ravi under Vårsøghelga 2017. Mat og drikke å få kjøpt.

Kammerkonsert

19.00 Gulla Gård, Surnadal

Vaksen kr. 250, honnør/born/student kr. 100.

NB! Få plassar

Ein todelt konsert med Brage Kristian Einum piano og duoen Else Bøe (piano) og Marianne Baudouin Lie (cello). Bachelorprogrammet til avgangsstudent ved NTNU, Brage Einum, som spelar verk av Claude Debussy og Franz Lisz. Duoen Lie / Bø spelar solostykke for cello og piano, elektronisk musikk frå Buvika av Knut Wiggen og komposisjonar av Georg Crumb og Maja Solveig Kjelstrup Ratke.